

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 2 | 2022 | 77. årgang



| HAUSTKALENDER | SOMMARGALLA | NYE TILSETTE |

Ei kyrkje for alle!

Vel møtt til ein ny haust, eit nytt skuleår, ein ny start! Håpar du har rukke nokre gode utpust i sommarmånadane. Vi er stolte over å ynskje velkommen til kyrkja og kyrkjelyden til både nye og gamle kjente med kyrkjebla- det i ny drakt. Har du synspunkt på dette er det kjekt å høre frå deg! Nettsidene våre har òg fått ein runde oppussing, men la deg ikkje lure: Innpakninga er kanskje ny, men innhal- det er framleis det samme. Visjonen vår står på toppen av denne første sida i bladet: Nær Kristus, nær kvarandre og nær kvardagen. In- tet mindre! Eller som ungdommane våre i Un- gdomstunet har formulert det: "Tru og glede i godt fellesskap". Det tykkjer vi òg rommer mykje av det kyrkja vår skal vere. Ei kyrkje som rommer heile livet, og inviterer alle inn i fellesskapen.

Midt i bladet finn du i denne utgåva ein haust- kalender, som gir ein peikepinn på planlagte aktivitetar i månadane fram mot jul. Men vi lever i ei digital verd, og mykje er korkje hogd i stein eller trykt på papir når dette kyrkjebla- det kjem ut. Difor er det vel verd å klikke seg inn på nettsidene våre, og gjerne følgje oss på sosiale medier. Der finn du alltid siste nytt om kva som skjer og korleis du kan ta del.

God lesnad!

Mange seier: Kven
kan gje oss lukke? Lat
lyset frå ditt andlet
skina over oss, Herre!

Salme 4,7



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar
Bente Brøvig Strømme
bentebstromme@gmail.com

Redaksjonsleiar
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Abonnement
Bladpengar (frivillig) kr. 200/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 20250 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)

Opningstid kontor
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

KVEN KAN GJE OSS LUKKE?

Mange seier: Kven kan gje oss lukke? (Sal 4, 7a) Kor mange menneske har stilt akkurat det spørsmålet? Kanskje med spørjeordet *kva* heller enn *kven*. Men meningen er no uansett den same. Som menneske ar vi eit ønske om å vera lukkelege. Men korleis?

Dette har det sjølv sagt vore forska på. På miden av 30-talet blei det rekruttert om lag 750 menn i Boston-området i USA for å finna eit svar på akkurat det. Kva er det som gjer oss lukkelege. Gjennom livet blei deltakarane intervjuet annakvart år. Tidsrommet forskingsprosjektet har funne stad er eit dramatisk og skjelsettande tidsrom. Det byrja i den store depresjonen på 30-talet, har gått via 2. verdskrigene, oppfinninga av atombomba, landinga på månen, kald krig og ein teknisk revolusjon som historia knapt har sett makan til. No når dei gjenlevende deltakarane i forskingsprosjektet nærmast seg 100 år er det etter usikre tider med stormakter som raslar med sablane og klimakrise. Så kva har dei funne ut gjennom desse om lag 90 åra? Kva er det som gjer oss lukkelege ifølge forskinga?

Det viser seg at noko av det aller viktigaste for lukke er relasjonar. Det får meg til å tenkje på Salme 4 i Bibelen. Vers 7 i den salmen lyder: Mange seier: Kven kan gje oss lukke? Lat lyset frå ditt andlet skina over oss, Herre!

Den kristne trua er bygd på relasjon. Eit nydeleg bilet på gudstenestefeiring er at vi er samla for Guds andlet. Og her er to poeng viktige: Vi samlast for Guds andlet. Når vi møter nokon andlet til andlet er det eit djupt uttrykk for relasjon. Å sjå inn i andletet til ein annan skapar ein relasjon. I gudstenesta står relasjonen til Gud i sentrum. Vi møter Gud andlet til andlet, slik bøna i salme 4 lyder: Lat lyset frå ditt andlet skina over oss, Herre!

Det andre poenget er at vi gjer det saman. I fellesskap. Dette er òg relasjon. Den kristne fellesskapen er ein trusfelleeskap der det ikkje er avgjerande kvar vi kjem frå eller kven vi er. Når vi samlast for å møta Gud andlet til andlet står vi alle på like fot. Og her ligg det endå meir. I relasjonen til Gud, ser vi òg relasjonen til kvarandre eit nyt lys. Når vi ser kvarandre gjennom lyset av Guds andlet ser vi kvarandre med kjærleik. Difor kan og salmisten jubla ut: Du gjev meg større glede i hjartet enn andre får av mengder med korn og vin!

Til slutt: Korleis kan denne gleda påverke livet vårt? Eg trur at noko viktig er å finna i velsigninga som lysast til slutt i kvar einaste gudsteneste og kyrkjelege handling:

**Herren velsigne deg og vere deg.
Herren late sitt andlet lysa over
deg og vere deg nådig.
Herren løfte sitt åsyn på deg, og
gjeve deg fred!**

Velsigninga er eit løfte om at relasjonen til Gud alltid er der, og i dét kan vi leva ut velsigninga for alle rundt oss. Det handlar ganske enkelt om dette: Å ta imot den gava Gud gjev oss i relasjonen til han. Kven kan gje oss lukke? Vel, kva er egentleg lukke? Gud har alle høve gjeve oss ei gøye i relasjonen til han: Kjærleiken frå hans andlet som lyser over oss, og gjennom oss og i fellesskapen mellom oss. Velkommen til fellesskapen i kyrkja, ein stad der vi saman feirar fellesskapen med Gud.



Roar Hallesby Evjedal
Sokneprest

Kommunikasjonsmedarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen
mb369@kyrkja.no

Trykk

Molvik Grafisk | Opplag 9127

Forsida

Festkledde ungdommar fylte Storsalen i Tunet under årets Sommargalla 27.05.22.
Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Nettside

www.kyrkja.no/os

*Vår grone
kyrkjelyd*



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Sokneprest Roar hald sitt ord om å "gå planken" i Mobergsvikjo iført prestekjole etter at konfirmantar og andre osingar samla inn godt over 160.000 kroner under Fasteaksjonen i mai i år.



Deltakar Vemund i djup konsentrasjon på Skapingsdagane 27.-29.juni. Her skal det skapast insektshotell.



Deltakar Johanna (6) og "mini-hjelpar" Matilde (9), som òg er kusiner, koste seg i sola under årets Skapingsdagar.




Hallbjørn Barman terner eit lys i lysgloben i Os kyrkje.
(Foto: Ole Henrik Kongsvik)



Smil frå Marthe og Dinah på sosialweekend på Fjon fjellkyrkje i Masfjorden i mars.



Staseleg framsyning av redesigna klede ved mellom andre Anna B. Skjælaen og Malin Nøss Vangsnes (t.v.) og Becky Ogwu Hesjedal (t.h.) på Gatefest i Os sentrum 25.juni (Foto: Tove Tvedt Skarstein)



Tryllekunstnar Ruben Gazki trollbandt unge og gamle i salen då han avslutta programmet for "Vår Dag" søndag 12.juni.



↑ Benjamin Aase i godt lag med ungdommar og leiarar frå Birkeland, Sældalen og Os kyrkjelyder på Camp Sætervika i august.



Drogt 35 speidrarar frå Os deltok på KM-speidarane sin landsleir på Forsand i juli. Her er dei fleste av dei i samla flokk. Foto: Privat

Foto der ikkje anna er nemnt: Martin Bakke Slåttsveen

Ein møteplass for alle

Ny runde med *Foreldre møter foreldre*

Etter ein vellukka "pilotrunde" i vår med gode tilbakemeldingar startar nettverksgruppa *Foreldre møter foreldre* opp att i haust. Heile familien er velkommen til Tunet, med leik og aktivitet for born, vegleiring og dialog for vaksne og mat og sosialisering for alle som viktige ingredienser. Prosjektet er eit samarbeid mellom Familiens Hus i Bjørnafjorden kommune og Os kyrkjelyd, støtta av Barneungdoms- og familielidrektoratet.

Fyrste samling (av i alt sju i haust) blir **tysdag 30.august kl. 15.30-18.30 i Tunet**. Sjå haustkalenderen på midtsidene for øvrige datoane i haust.

Les meir om "Foreldre møter foreldre" på Bjørnafjorden kommune sine heimesider!

Senior-Koinonia

Koinonia tyder fellesskap, og dette fellesskapet finn saman i Tunet annankvar torsdag frå klokka 11.30-14. Humor og alvor, mat og musikk, foredrag og samtale er ingredienser. Gamle og nye deltakarar er hjartelag velkomne!

Datoar i haust:

- 15. september
- 29. september
- 13. oktober
- 27. oktober
- 10. november
- 24.november
- 8. desember

Vesper i Os med Bergen Domkor 20. september



Foto: Tuva Maria Aserud

Vinteren 1915 komponerte Sergej Rachmaninov *Vespereller* på engelsk *All-Night Vigil*, på under to veker. Det storlagne verket for a cappella kor er skildra som eit av dei vakraste frå den russisk-ortodokse kyrkjemusikken, og dessutan som eit av komponistens beste stykker, noko han sjølv òg var samd i.

Dette vil du ikkje gå glipp av!
Os kyrkje tysdag 20. september kl.20.00.

TiTT - Torsdag i Tunet

Ein gjengangar gjennom mange år - treffpunktet TiTT - tek fatt på ein ny haustsesong med spennande tema, bidragsytarar og samtal siste torsdagskveld i månaden. Programmet annonserast fortløpende ute over hausten, og datoane er som følgjer:

Torsdag 29. september kl. 20
Torsdag 27. oktober kl.20
Torsdag 24. november kl.20

Strikk til Tunet på onsdagar

Er du glad i å strikke eller gjøre anna handarbeid? Onsdagsføremiddagane går fort i lag med gjengen i "Strikk til Tunet". Ta med deg lunsjen og bli med!

"Stirkk til Tunet" møtast onsdagar kl.12-14 og følgjer skuleruta.

Kveldsbibelskule i Nore Nese kyrkje

"Trusopplæring for vaksne" vart introdusert førre skuleår, og innblikka i Bibelens personar og samfunnet ikking dei fekk god respons. No bygger vi vidare på dette med Kveldsbibelskule i Nore Nese kyrkje. Her vil vi ta for oss Bibelen bok for bok, og sjå på heilskapen i den enkelte boka, kven som har skrive den, bakgrunnen for boka og kven den er skrive til eller for. Kvar kveld delast opp i to bolker, med ei bok frå kvart av testamentene, og eit "kaffikvarter" mellom bolkene.

Bibelen er den viktigaste boka for kristne og vi håpar desse samlingane kan hjelpe og inspirere oss alle til å lesa og forstå meir av Bibelens bøker. Kanskje får vi her nokre nøklar som hjelper oss til nett dette.

Haustens datoar i Nore Nese kyrkje:

- Tirsdag 27. sept kl 19.00-20.45
- Tirsdag 25. okt kl 19.00-20.45
- Tirsdag 22. nov kl 19.00-20.45

Open barnehage i Tunet

KFUK-KFUM Open barnehage i Tunet har allereie ynskt velkommen til ein god gjeng på tysdag i Eldstova i haust, og det er plass til fleire! Frå 9 til 15 kvar tysdag (etter skuleruta) er det høve til å delta i leik og samvær. Ein flott arena for store og små! Osøyro Open barnehage har sin eigen Facebook-side der du kan finne meir informasjon.

Eldretreff i Kløvertun

Fyrste tysdag i månaden inviterer Os sanitetsforeining i lag med Os sokneråd til eldretreff i Kløvertun frå klokka 12 til 14. Kvar samling vert òg annonsert i Os & Fusaposten. Vel møtt til godt lag!

Misjonsmesse i Os

I år ligg det endeleg til rette for ei misjonsmesse utan smittevernavgrensing, og vi gler oss til å fylle Tunet kyrkje- og kultursenter **laurdag 29. oktober!**

Misjonsmessa opnar kl. 11 og inneholder mellom anna utsal av handarbeid, bakverk, m.a. lefser, gjærbakst, flatbrød, og andre matvarer. Lynlotteri og sal av lodd på bøker.

Servering av kaffi og vaflar.
Om lag kl. 12 vert det andakt for heile familien, og song av eit barnekor.

Sjølv sagt blir det òg fleire åresalg med fine gevinstar!

Kl. 13.30 kan du kjøpe risgraut og betasuppe. Messa vil avsluttast om lag kl. 15 med trekning av loddbøkene. Vel møtt!

Føremiddagstreff for seniorar i Nore Nese

Føremiddagstreffet for seniorar i Nore Nese kyrkje startar opp att med hyggeleg prat og god mat annan kvar tirsdag kl. 11.30. Iblant inviterer vi ein gjest til å snakka om eit spesielt tema, eller bidra på annan måte.

Her er du hjartelag velkommen!

Datoar i haust:

- | | |
|---------------|--------------|
| 30. august | 25. oktober |
| 12. september | 8. november |
| 27. september | 22. november |
| 11. oktober | 13. desember |

Stikk innom Språkkafeen i haust!



Foto: Ole Henrik Kongsvik

Språkkafeen er for deg som ynskjer å øve på å snakke og forstå betre norsk, og for deg som vil hjelpe andre å bli betre norsk. Aller mest er det ein møteplass for alle som vil møte nye menneske! Vi har aktiviteter for born, ungdom og vaksne og vil at alle skal kunne kjenne seg velkomne.

Os kyrkjelyd samarbeider med Flyktinghjelpen i Os, Norsk Folkehjelp og sanitetsforeiningane i Os om kafeen.

Språkkafeen inntek Tunet annankvar torsdag frå kl. 17-19. Ta turen!

Kyrkje for borna!

Os kyrkjelyd vil vere ein stad der born trivst, får vere i lag og høre om Jesus på sine premiss.
Hausten er full av kjekke aktivitetar for dei yngste - og familiene deira.

Familiegudstenester og barnesamling

Det er fint å feire gudsteneste med heile familien! Desse søndagane er programmet laga for å engasjere og invitere borna med i det som skjer i kyrkja. I haustkalenderen er familiegudstenestene merkt slik:

Når det ikkje er familiegudsteneste er det stort sett ein barnesamling, anten i Tunet eller i Nore Neset kyrkje.

Her trengst ingen påmelding, kom og bli med!



Familiekoret ShubaDubs er for familiar med små songarar frå 2,5 til fem år (før skulealder). Musikk, samvær og leik i ein herleg miks! På denne aktiviteten er det viktig å melde seg på, det blir fort fullt!

Øving annankvar torsdag kl. 17.30-18.30 i Eldstova, Tunet kyrkje- og kultursenter.

Fyrste øving 8.september!

Babysong i Tunet og Nore Neset

Onsdagar i Tunet og torsdagar i Nore Neset kyrkje inviterer vi til ein halvtime med felles song og sansing saman med dei minste borna, før vi et lunsj i lag. Ta med deg matpakke – vi har kaffi, te og vatn.

Vi startar kl.10.30 begge stadar. Blir det mange påmelde, vert det i Nore Neset i tillegg ei gruppe etter lunsj.

Meld deg på på nettsidene våre www.kyrkja.no/os!
Eit semester kostar kr. 300, som gjerne betalast fyrste gongen via Vipps.

Tunet (onsdagar 10.30)

31. august
7. september
14. september
21. september
28. september
5. oktober
19. oktober
26.oktober
2. november
9. november

Nore Neset (torsdagar 10.30)

25. august
1. september
8. september
15. september
22. september
29. september
6. oktober
20.oktober
27.oktober
3. november



= KOReDU!

Denne hausten slår Tunet barnekor og TweenSing seg saman til KOReDU for 1.-7.trinn! Vi planlegg mange spennande prosjekt, mellom anna barnekorfestival på Skjold 22. oktober.

Felles øving blir annankvar torsdag (partalsveker) kl. 17.30-19.00 i Tunet.

TweenSing (dei som går på 5.-7. trinn) øver kvar veke - til samme tid.

Felles oppstart torsdag 25. august!

Søndagsskulens dag 25. september

Etter familiegudsteneste i Os kyrkje (med høgtidleg overrekning av 4-årsbøker) er det denne dagen duka for Søndagsskulens dag i Tunet! Leik og spel og aktivitetar pågår utover dagen, vi garanterer ein "kyrkjekaffi" utanom det vanlege denne søndagen!

For fireåringane på Nore Neset blir det utdeling av 4-årsbøker på familiegudstenesta 16. oktober.

FredagsTaco i Tunet!

Månadens mest trivelege fredagsettermiddag startar klokka 17.00 i Os kyrkje, til ei felles samling, song og leik. Etterpå er Tunet opent for alle som er glad i å ete taco i lag med andre - og kven er ikkje det? Etter maten kan ungdommane ofte gå vidare på KRIK (Os aktiv) om dei vil.

Betaling skjer ved oppmøte og er kr.25,- for born og kr.50,- for voksne, eller kr.125,- for familien. For å handle nok mat vil vi gjerne ha beskjed om de kjem på e-post, i Spond-appen eller i den offentlege Facebook-gruppa "Fredagstaco i Os kyrkjelyd"

Haustens datoar er:

30. September
21. Oktober
25. November



Er du blitt litt stor for barnesamlingane?
Bli med på «Aldri Åleine»!
Dette er eit tilbod for dei som går på 5.-7. trinn om lag ein søndag i månaden, med fellesskap, leik og god mat.
Bli kjent med fleire, og med Jesus!

I etterkant av fyrste samling vert det ei samling for foreldre og føresette.

Fyrste samling søndag 25. september kl. 18.00-19.30 i Tunet!

Hald deg oppdatert
og meld deg på her:

kyrkja.no/os



Martin Nygard og Mads Lund Halland framfor "fotoveggen"

ENDELEG GALLA!

Den planlagde julegallaen 2021 måtte utsettast, og ideen kunne ha støva ned i ein skuff. I staden trakk ungdommane i Ungdomstunet ein storstilt Sommargalla 2022 opp av hatten. Aldri har vel Storsalen vore meir overdådig pynta til fest, og fest blei det!

Staseleg opning

Ordførar Trine Lindborg vart standsmessig eskortert av medlemmer frå Os Amcar Club i lag med konferansierane for kvelden Mads Hodneland Sundfjord og Elias Kobbeltvedt. Etter ordførarenes høgtidlege snorklippling utanfor Tunet fann 90 ungdommar i galla-antrekk vegen på raud løpar inn til festdekte langbord, der husbandet Pickled Punx opna showet frå scena i konfettiregn. Ordførar Trine Lindborg haldt tale til ungdommane om inkludering og fellesskap, og tok seg god tid til å ta del i den gode stemminga etterpå.



Konferansierane Mads Hodneland Sundfjord og Elias Kobbeltvedt leia programmet med stø hand og mykje humor!



Ludvig Hodneland Sundfjord og Jakob Nygard poserer med ordførar Trine Lindborg

Gode støttespelarar

Kvelden vart leia frå scena av dyktige konferansierar som skapte latter og god stemning i salen. I kulissane sto titals foreldre og støttespelarar og ordna med grillmat og andre godsakar på festbuffeten. Stor takk til Os Y's Men og Sparebanken Vest som innvilga økonomisk støtte til arrangementet.

Ein siger for fellesskapet

Med pandemien som førte til den utsette julegallaen friskt i minne var denne kvelden ein solid heimesiger for fellesskapet i Ungdomstunet. Det vart difor både rørande og vemodig då ungdomsarbeidar Ivar Stensland, som har vore ein av primusmotorane for Sommargallaen, vart takka av for innsatsen når han no gir seg i jobben. Såpass at då Ivar sjølv skulle på scena for ein takketale, vart han for ein gongs skuld mållaus... Den artige "fotoveggen" i foajeen vart flittig brukt gjennom heile kvelden og vitna om mange glade fjes i godt lag.

Dette vart ein kveld ungdommane (og foreldra som var med) seint vil gløyme!

Martin Bakke Slåttsveen
Ungdomsarbeidar

ANNA I AVHØR

Anna, du har jo vore med i miljøet på Tunet sidan 2015, og no skal du bli ein av ungdomsarbeidarene våre. Kva gler du deg mest til?


Det eg gler meg mest til som ungdomsarbeidar er utan tvil å bli kjent med alle dei forskjellige ungdommane. Eg ynskjer å vere ein open og inkluderande leiar som er med på å skape ein god og trygg møteplass for alle ungdommar i kommunen. Samtidig så har eg eit sterkt ynskje om at vi kan skape eit miljø der ein kan snakke åpent om tema som opptek ungdommar i dag, til dømes psykisk helse, seksualitet, identitet og tro. Og eigentlig alt som dei som kjem innom kan ynskje å snakke om.

Kva haustarrangement ser du mest fram til?

Alle! Men om eg må velge eitt, må det bli sosialweekend 23.-25. september. I år er det fyrste gong etter pandemien at vi kan reise med heile ungdomsgjengen i lag på leir utan restriksjonar. I tillegg er det noko spesielt med det første store arrangementet i laupet av året. Alle er spente, forventningane er skyhøge og folk er gira på å bli kjent med nye menneske. Eg er sjølv sagt ikkje noko unntak!

Kva gjorde du då du var engasjert i ungdomsarbeidet tidlegare?

Eg var blant anna med å starte opp KRIK Os og var med i det styret heilt til forfjor. Det var utrulleg kjekt! Eg har også vore med i ULF (ungdomsleiarforum) i mange år, mellom anna på fleire spennande turar. Dei to seinaste åra var eg også med å utforme Happening-konseptet på fredagar og utvikle Ungdomstunet. Dette var eit skikkeleg kick å sjå ungdomsarbeidet vekse som følge av dette! Det har vore mange fine arrangement å bidra til og ta del i opp gjennom åra, og det er eg takksam for.



Det høyres ut som du kjem til å få nok å drive med på jobb... Men kva liker du å gjere på fritida?

På fritida elsker eg å danse og har gjort det heilt sidan eg var litra. Eg elsker også å vere ute på tur i fjellet, både til fots og på ski, eller padle på sjøen. Generelt er eg veldig glad i å være aktiv, men kan også like å halde på med kreative ting som strikking og sying.

Martin Bakke Slåttsveen

UNGDOMSTUNET

JOINUS (KOR, BAND, DANS SCENETEKNIKK, MATLAGING)

Tid: Onsdagar klokka 18.30-21

Stad: Tunet

KRIK OS

Tid: Fredagar 18.30-20

Stad: Os aktiv

Ungdomsarbeidrarar

Anna Skjælaaen

Tlf.: 978 79 946

Martin Bakke Slåttsveen

Tlf.: 976 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

BLI MED PÅ HAPPENING!

Happening er fredagskvelder med ope hus for ungdom på ungdomsskule og VGS. Det blir servert mat i laupet av kvelden og det blir garantert god stemning - ta med ein venn og kom!

Tid: Om lag annankvar fredag klokka 20-23

Stad: Tunet kyrkle- og kultursenter

26.august er i vi gang.

9.desember blir det Julegalla - stay tuned!

Sjå haustkalenderen eller nettsida for fleire datoar.

Les meir og følg oss på



@ungdomstunet

| www.ungdomstunet.net |



/Ungdomstunet



Nytt frå fellesrådet

Eit nytt urnefelt snart klart til bruk på Kuventræ

På gravplassen på Kuventræ har det pågått omfattande anleggsarbeid ein god stund, og endeleg nærmar det seg ferdigstilling. Samarbeidet med Smedsvik Landskapsarkitektar som har teikna og utforma urnefeltet har vore godt, og det same gjeld Gravdal Hage og Anlegg som har skifta ut plantar og opparbeida feltet. Heile området vårt har fått eit løft, og gravplassen rommer no ulike løysingar. Her vil ein få ein namna minnelund, vanlege urnegraver, og eit nytt tilbod; leige av gravsteinar. Vi er godt nøgd med resultatet! Du kan lesa meir om prosjektet på nettsidene til fellesrådet.

Fellesrådet på Facebook

For å kunne gje god, oppdatert informasjon til bjørnafjordingar om fellesrådet sine verkeområde, har "Kyrkja i Bjørnafjorden" fått sin eigen Facebook-side. Her får du nyhende om arbeider og prosjekt for å halde kyrkjer og gravplassar i drift, og kan halde deg oppdatert på kyrkja sitt viktigaste samarbeidsorgan for heile Bjørnafjorden kommune.



KVA GJER BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD?

Fellesrådet har samordna ansvar mellom Os og Fusa for m.a.:

- drift av kyrkjebygg og gravplasser
- arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i Os og Fusa sokn
- samhandling mellom kyrkja og Bjørnafjorden kommune

I fellesrådet sit representantar frå Os og Fusa sokneråd, prest og folkevald frå kommunen, i tillegg til kyrkjeverge.

Kristine Fjeld
Kyrkjeverge



Nettside
kyrkja.no/bjornafjorden

Facebook
facebook.com/Den.norske.kyrkja.i.Bjornafjorden

Kontakt
Tlf: 56 57 24 00 | E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

Fellesrådsleiar

Jon Håkon Øen
jhakon@online.no

Kyrkjeverje

Kristine Fjeld
Tlf: 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

Konsulent

Monica Refsdahl
Gravplassforvaltning, økonomi
Tlf: 56 57 24 13 | E-psot: mr346@kyrkja.no



Daniel Røksund
938 26 432



Alexander Olsen
473 80 260

Kom innom
kontoret vårt
i Os sentrum.

Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi tilby deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt
kontor i Os sentrum



Ring oss
915 05560



Kontakt oss på
emvest.no



EiendomsmeglerVest

Os kyrkjelyd Haustkalender



MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TOR
29 Speidaren	30 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre	31 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet Join Us	1 Ba <i>sept</i>
5 Speidaren	6 Open barnehage Eldretreff <i>Kløvertun</i> Foreldre møter foreldre	7 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	8 Ba
12 Speidaren	13 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre	14 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	15 Ba
19 Speidaren	20 Open barnehage Foreldre møter foreldre Konsert Bergen Domkor <i>Os kyrkje</i>	21 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	22 Ba
26 Speidaren	27 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre Kveldsbibelskule	28 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	29 Ba
3 Speidaren	4 Open barnehage Eldretreff <i>Kløvertun</i> Foreldre møter foreldre	5 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	6 Ba
10 <i>Haustferie</i>	11 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre	12	13 Ba
17 Speidaren	18 Open barnehage	19 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	20 Ba
24 Speidaren	25 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Kveldsbibelskule	26 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	27 Ba
31 Speidaren	1 Open barnehage Eldretreff <i>Kløvertun</i> <i>november</i>	2 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	3 Ba
7 Speidaren	8 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	9 Babysong <i>Tunet</i> Strikk til Tunet	10
14 Speidaren	15 Open barnehage	16 Strikk til Tunet	17
21 Venneveko Speidaren	22 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Kveldsbibelskule	23 Strikk til Tunet	24
28 Speidaren	29 Open barnehage	30 Strikk til Tunet	1 <i>dese</i>

MRS

FREDAG

LAURDAG

SØNDAG

bysong Nore Neset kyrkje Språkkafé TweenSing <i>ember</i>	2 KRIK Happening	3	4  Os 10 + 11.15 NN 11
bysong Nore Neset kyrkje KOReDU ShubaDubs	9 FamilieKRIK-leir Brandøy	10 — — — — — →	11  Os 11
bysong Nore Neset kyrkje Senior-Koinonia Språkkafé TweenSing	16 KRIK Happening	17	18  NN 11 Os 11 Søndagssamling
bysong Nore Neset kyrkje KOReDU ShubaDubs	23 Ung sosialweekend Raknestunet	24 — — — — — →	25  Søfteland bedehus 11 Søndagsskulens dag Tunet Aldri åleine
bysong Nore Neset kyrkje Senior-Koinonia Språkkafé TweenSing TiTT - Torsdag i Tunet	30 Fredagstaco Tunet KRIK	1 <i>oktober</i>	2  Os 10 + 11.15 NN 11
bysong Nore Neset kyrkje KOReDU ShubaDubs	7 KRIK Happening	8	9  Os 11
bysong Nore Neset kyrkje Senior-Koinonia Språkkafé	14	15	16  NN 11 Os 11 Søndagssamling
bysong Nore Neset kyrkje KOReDU ShubaDubs	21 Fredagstaco Tunet KRIK Happening	22 Konsert med Kongshaug Os kyrkje	23  Os 11
bysong Nore Neset kyrkje Senior-Koinonia Språkkafé TweenSing TiTT	28 KRIK	29 Misjonsmesse	30  NN 11 Os 11 Aldri åleine  Os 19
bysong Nore Neset kyrkje KOReDU ShubaDubs	4 KRIK Happening	5	6  Os 11
Senior-Koinonia Språkkafé TweenSing	11 KRIK	12 Lys våken Os kyrkje	13  NN 11 Os 11
KOReDU ShubaDubs	18 KRIK	19 Julemesse	20  Os 11
Senior-Koinonia Språkkafé TweenSing TiTT	25 Fredagstaco Tunet KRIK Happening	26 Lys våken Nore Neset kyrkje	27  Os 11 (speidargudsteneste) Søndagssamling Aldri åleine Konsert Os mannskor / Nornekoret Os k.
KOReDU ShubaDubs <i>mber</i>	2 KRIK	3 Julemarknad i Os Tunet	4  Os 10 + 11.15 Julemarknad i Os Tunet Konsert Os Musikkforening Os kyrkje

Endringar kan koma - hold deg oppdatert på nettsidene våre [www.kyrkja.no/os!](http://www.kyrkja.no/os/)



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Fargelegg Jesus



- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han brukte å skru av lyset før han gjekk og la seg.

OPPSTARTSPRAT

Hei Elisabeth, velkommen til oss! Klar for eit lyn-intervju?

Absolutt, kør på!

Kven er du?

Eg er 37 år, og nytilsett som trusopplærar og frivilligkoordinator i Os kyrkjelyd. Eg bur på Sandsli med mannen min Nicolay og dei tre tre borna våre William (11), Philip (9) og Caroline (4).

Kva har du gjort før du kom til oss?

Eg er utdanna almennlærar og har jobba på ulike trinn i barne-skulen, no seinast som kontaktlærar i ein tredjeklasse. Og så har eg vore kyrkjelydspedagog i Skjold tidlegare.

Kva er det du skal gjere i jobben?

Eg får ansvaret for trusopplæringstiltaka våre for born mellom 0 og 12 år, som fireårsbøker, påskevandring, Skapingsdagar, tårnagent-helg og mykje anna spennande. I tillegg har eg eit særskild fokus på dei frivillige i kyrkjelyden, og dei er det mange av!

Elisabeth Saxe Vinkler

Trusopplærar og frivilligkoordinator



Kan du gje oss tre stikkord om deg sjølv?

Omsorgsfull, kreativ og glad!

Kva gler du deg til i din nye jobb?

Eg ser fram til å møte, snakke med og bli kjent med mange ulike menneske! Små og store, unge og eldre - og alle dei i mellom. Dei som er i kyrkja ofte, dei som kjem av og til, dei som har vore innom éin gong tidlegare, og dei som aldri før har vore i kyrkja. Eg håpar at eg kan bidra til at dei får eit glimt av ein Gud som ser akkurat dei. Ser den eine.

Fantastisk! Til slutt: Kva gjer du helst på fritida?

Fritid? Som mamma til tre er det nok av ting å fylle tida mi med... Men eg har oppdaga noko lurt: Å stå opp *før* resten av huset. Då nyter eg stillheten i lag med ein varm kopp kaffi, frukost, Bibelen og Jesus. Då har eg skikkeleg fritid som gir meg energi. På ein ekstra god dag får eg også høve til å teikne eller måle på kvelden, med musikk eller podcast på øyret.

Sigurd Rotvik Tunestveit



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar

Du har jo vore her ein stund, Sigurd, kva gjer du eigentleg i denne spalta?

Eg tok til som dagleg leiar i januar, så heilt ny er eg vel ikkje. Men det er nye ting å lære på jobb kvar dag, så eg kjenner meg fram-leis i oppstartsfasen.

Kva er det dagleg leiar har ansvar for?

Eg jobbar tett med soknerådet for at kyrkjelyden sjølv skal få legge rammene for kva vi som stab jobbar med. Eg har leiaransvar for dei som jobbar i kyrkjelyden, utanom gravplassarbeidarar, kyrkjetenarar og prestar. I tillegg drifter vi det fantastiske kyrkjelydshuset vårt, Tunet. Og så likar eg godt å vere med på aktivitetane for å bli kjent med alt det fine som føregår i kyrkja vår.

Kva gler du deg til i haust?

Det er mykje eg kunne trekt fram, men eg veljer meg Julemessia i Tunet 19.november. Det er jo eit av flaggskipa i kyrkjelyden sitt årshjul, der svært mange tek turen innom Tunet. Det blir spennande å vere "førstereisgut" på det prosjektet!

Men du har vore med før òg?

Ja, eg var med då eg jobba i kyrkjelyden som ungdomsarbeidar i 20% stilling i 2015, det er sant. Men då var eg berre innom ein kort stund, så å vera meir involvert ser eg fram til.

Kva gjer du for å slappe av?

Eg er glad i å høyre podcast medan eg jogger, så eit par lyttetips er Andakten på NRK og "Søndagsskole for voksne" frå Den norske kyrkja, som begge finst som podcast.

Martin Bakke Slåttsveen

Sidan sist...

Tilsette takkar for seg

Før sommaren takka tre tilsette i kyrkjelyden for seg. Elin Oldervoll Moberg vart i april feira etter 25 år i jobben som konsulent, før ho meldte overgang til eit aktivt tiltvære som golf-pensjonist frå hausten av. Vi ynskjer ho lykke til og takkar for lang og tru teneste!

Hege Varhaug-Lekven har stått sentralt i trusopplæring og barne- og familieaktivitetar i kyrkjelyden gjennom ti år, og difor var det på sin plass at ho vart takka av etter endå eit år med vellukka Skapingsdagar, eit av dei mange gode tiltaka for born ho har bygd opp. Tusen takk!

Ivar Stensland har sidan han kom inn som ungdomsarbeidar i fjar haust fått med seg både ungdom og foreldre og blåst liv i eit stort og engasjert ungdomsmiljø i Tunet etter pandemi-åra. Dette er vi svært takksame for, og det er noko å bygge vidare på! Ivar måtte dessverre gje seg i jobben til sommaren, og vi er no på leit etter nokon som kan ta stafettpinnen vidare. Sjå stillingsannonse på side 21 og tips gjerne nettverket ditt!

Vedlikehald i Tunet

I juli fekk dei flotte eikegolva i Tunet ein etterlengta rens og nytt lag med olje. Samtlege 400 kvadratmeter fekk fagmessig tilsyn, og resultatet vart strålande. Kom innom og sjå sjølv!

Nye nettsider

Kyrkjelyden sine nettsider har fått eit lyft og framstår no i ny drakt, sjølv om mange av funksjonane framleis er som før. I tillegg til ein fyldig kalender kan ein mellom anna melde seg på arrangement og finne informasjon om kyrkjelyde handlingar, utleige og gjevartereneste.

Klikk deg inn på kyrkja.no/os/!

Os kyrkjelyd på Spond

Appen Spond er kjent for mange med born i idrettslag og andre fritidsaktivitetar. I haust tek òg Os kyrkjelyd denne i bruk for å minne om øvingar og samlingar i ein del av gruppene våre. Dette er eit prøveprosjekt som vi trur kan gjere det enklare å halde seg oppdatert, melde om fråver og kommunisere direkte med dei ansvarlege for aktiviteten ein er med på.



Aktivitetsgruppene som nytter seg av Spond i haust vil få informasjon om dette frå sine gruppeleiara, og for dei som ikkje er kjent med appen frå før er det starthjelp å få. Har du appen frå før, kan du bli med i Os kyrkjelyd si gruppe med koden FPQUZ.

Nye opningstider

Kyrkjekontoret huser administrasjonen til både Os sokn og Bjørnfjorden kyrkjeloge fellesråd. For å tilpasse oss endra behov og bruk og tilby gode digitale tenester vart opningstidene for kontor og telefon endra sommaren 2022. Kontor og telefon er opent:

Måndag-tysdag kl. 10-14

Onsdag stengt

Torsdag-fredag kl.10- 14

Utanom desse tidene vil e-post til post.os@kyrkja.no vere enklaste måte å få kontakt med administrasjonen på.

Leigerabatt i Tunet for faste gjevarar

Tunet har no fått ein utleigerabatt for faste gjevarar til kyrkjelyden, der ein kan få inntil tre månader gåvebeløp i rabatt for eitt leige per år. Leigeinntekter er ein viktig del av driftsøkonomien i Tunet, og på denne måten kan ein gjere huset ekstra tilgjengeleg for dei som bidreg til kyrkjelyden på fast basis.

Ta kontakt med Inger-Johanne i administrasjonen om du har spørsmål om utleige av Tunet.

Salmeskatten

Melodien til salme 487 er komponert av Theodora Cormontan (1840-1922) frå Beitsstad i Nord-Trøndelag. I 1879 starta ho eit musikkforlag i Arendal, før ho emigrerte til USA og arbeidde som musikklærar i Minnesota og Iowa.

Teksten er av F.W. Krummacher, ein populær tysk prest, teolog og salmediktar. Salma vart omsett av Anders Hovden i 1825. Namnet Cormontan er ei latinsk omsettjing av Hertzberg. I 2011 vart store delar av hennar musikalske arv funne i ei kasse på eit loft i ein daglegvare- butikk i St. Peter i delstaten Minnesota, USA.

Salme 487

*Høgt frå det himmelske klåre
Faderens auga kan sjå
både din smil og di tåre,
hjarta, kvi ottast du då?*

*Om deg eit stormver vil herja,
fiendehærar deg nå,
han vil deg vara og verja,
hjarta, kvi ottast du så?*

*Græt du, han turkar bort tåra,
klagar du, lyder han på,
lækjer for alt som kan såra,
hjarta, kvi ottast du då?*

*Lyt du enn lengta og stunda
krona og kransen å nå,
lint i hans fang skal du blunda,
hjarta, kvi ottast du då?*



Andrew Paul Holman
Kantor

Støtt våre annonsørar!

NMS GJENBRUK OS MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15



**Her finn du det meste
- til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á
vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Vi treng fleire
medarbeidarar til eit
hyggeleg arbeidsmiljø!
Ta kontakt ved interesse!



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"

DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast

Panel - liister - golv

Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Os Gravferdsbyrå AS

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Os kyrkjeblad trykkast i over
9000 eksemplar og sendast
m.a. til alle heimar i Os.

Annonse?

Informasjon og prisar får
du ved å ta kontakt på
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00



KVALITET!

Verktøy, maskiner og
redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
Tlf. 56 30 44 90



OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no



GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av
nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

Totalentreprenør
og byggmester.

dosen.no



**BJØRN
DØSEN**

Kyrkjekryss

PRESTE PLAGG	DINOSAURLÆRE SLØV	FLAMME	OK FIN GJENG		SPEIDAR- LOKALE	OST	FORS- KAR	KJEMPE- HJELP- AREN	OVERTALE SIST	LØP SKY		DIODE	BODBÆRAR SØR- LENDING	
				BANE I OSLO	VIK TENAR							DIST- RIKT		
						→				→	→		PÅSKE- PYNT SÆRLIG	
HAUG				NETTAVIS PROTE- STANT					FRELSE FYRST					
LI	TIDS- MASKIN				LIK	PROFET STELE				ATTRÅ HØGVATN			STRAUM SMERTE	
	UGAGNET DØDSDAG						BESTE BYGDO		FOR- FALL				NULL OG NIKS	
				RESPEK- TEN SUB- JUNKSJON			FYRSTE DEL		BOK- KLUBB SPYD				KVILE- STADEN	
FJERN	REINSE- ANLEGG				FJØL SKITENT	SJØLV IGJEN				ÅT- GAUM		BARR- IERE	FLATE- MÅL	
MASET	LODDRET			TUN					GOD Å LIGGE PÅ					
VEKS			EINS	TAL					STRAFF- INGA	INF. MERKE	ØVE- KØYRING	FRÅ FELLES- SKAP		
DISIPLIN VĒR-APP				HISTO- RIANE	BRA- SMART TYGDE								KOST	
	UNG- DOMMEN			GOOT I GLASSET MOTSTAND			ALDER		KVEL- AST	NED- BRYT- AREN		BØNNE- OST HJELP		
SPIS		FOTTYET HØGTID					KUNDE- KLUBB PLANTA		SOL- SKINNS- TUR					
STEMNE- MØTE OPP- DRAGET				HØGDE- PUNKT PIGG								HAT		
SPA- SERE			MÅL		FESTE	DRIKK	NÆR		20250 ØYBUAR			KRYP	UFF	
		SMITTE- TAL	BLOMST									SON AV JUDA DAGROS		
KLAGA				VALUTA			KRO			EINSAM			DEN SISTE SKA BLI DEN FYRSTE	

Send løysinga til post.os@kyrkja.no og ver med i trekninga av ei premie!



Møte
Merkedag
Minnesamvær

**Leig lokalar
i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved
å ta kontakt på post.os@kyrkja.no
eller telefon 56 57 24 00





Kyrkja bygger vi i lag.
Det er bruk for deg!

Nett no er vi mellom anna på utkikk etter:

TRUSOPPLÆRINGSUTVAL
Vil du vere med å utvikle trusopplæringstiltak for aldersspennet 0-18 år?

GUDSTENESTEHJELP
Kalkvaskarar
Tekstlesarar
Kyrkjeverter

KYRKJEKAFFI
Lage til og vere vertskap for kyrkjelyden sitt treffpunkt etter gudsteneste

NORE NESET-UTVAL
Vi treng deg som brenn for ei aktiv kyrkje på Nore Neset!

IKKJE NØL MED Å TA KONTAKT MED OSS!
tlf. 56 57 24 00
post.os@kyrkja.no

GUDSTENESTEUTVAL
Utvikle gudstenestetilbodet vårt vidare, tildele offer

“TUNET-TEAM”
Klargjere til arrangement og utleige, enkelt reinhald og vedlikehald

AKTIVITETSSTØTTE
for konfirmantgrupper som KRIK, friluftsliv og nettkonfirmantar

JULEMESSEKOMITÉ
stå i bresjen for ein storstilt aktivitetsdag i kyrkjelyden 19. november!

Er du god til å rydde og rigge?
Vi ynskjer å etablere ei gruppe som kan ordne til i vårt fantastiske kyrkjelydshus før og etter store arrangement gjennom året - Julemesse, julegåverkstad, romjulstreff, Fasteaksjonen, 17.-mai-kafé, Skapingsdagar, Konfirmant-kickoff og liknande. Arbeidet i denne gruppa kan vere ein times tid kvar gong, ofte ettermiddag eller kveld, og vi vil gjerne ha nok folk med oss til at ikkje alle må stille kvar gong. Kan du stable stolar, føre ein feiekost og halde god orden, så treng vi deg!

Ynskjer du ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Bli fast gjevar til Os kyrkjelyd!

Støtt Tunet eller ungdomsarbeidet med eit valfritt beløp i månaden

- Bidra til at kyrkja og Tunet kan fyllast med gode aktivitetar for heile bygda
- Rabatt på leige av lokalar i Tunet
- Skattefrådrag for gåver opp til 25 000 kroner i året

No kan du òg gje fast via **Vipps**!

**VIPPS TIL 20250
ELLER OPPRETT AVTALE
PÅ KYRKJA.NO/OS**



Konfirmantåret 2022/2023 er i gang!

Går du og tenker på å vere konfirmant i kyrkja til våren?

Bli med på tidenes konfirmantår i Os kyrkjelyd, med kjekke aktivitetar, leir, samtaler om tru og tvil - her er det plass til heile deg! Dette blir eit år du ikkje vil gå glipp av!

Meir info på kyrkja.no/os

Nysgjerrig? Følg @konfirmantioskyrkjelyd



Vil du bli med på laget?

DEN NORSKE KYRKJA
Os Kyrkjelyd

Sjå fullstendige stillingsutlysingar på kirkejobb.no

Ungdomsarbeidar

Inntil 100% engasjement fram til sommaren 2024, med moglegheit for forlenging.

Er du ein inspirerande og strukturert relasjonsbyggar? Vi treng deg som kan leie og vidareutvikle vårt store ungdomsarbeid, med inkluderande møteplassar, leiartrening og Jesus i fokus.

Søk innan 30.09.2022!

Organist/ kyrkjemusiker

70-100 % fast stilling

Vi leiter etter ein engasjert og allsidig organist/kyrkjemusiker som ynskjer å bidra musikalsk både på orgelkrakken, i samspel og dialog med born og unge.

Er du vår nye musikalske medarbeidar?

Stillinga er planlagt utlyst på nytt. Ved interesse, ta kontakt med dagleg leiar Sigurd Rotvik Tunestveit st575@kyrkja.no | 56 57 24 20

Frå kyrkjebøkene



Døypte

15. mars

Andreas Ravnskog Bye

20. mars

Marius Chrisander Nyland
Pernille Skaathun Olsen
Thomas Stephen Paget
Alexander Sjonbotten

27. mars

Magnus Askvik
Ine Sofia Vangsnæs

3. april

Marikken Bergesen Grov
Ulrik Ottesen Waagen

10. april

Jakob Braathen Bakke
Maia Nilsen Espetvedt
Tuva Oline Sangolt Hovland

17. april

Aron Mathias Lien-Schurmeyer
Emilie Steien Søfteland

24. april

Oscar Pettersen Brekkan
Herman Rennesvik Espenvik
Thale Røttingen Lothe
Sander Norlund

1.mai

Falk Balland Dreyer
Evelina Kleiven
Lars Rekkum Røttingen
Bella Luna Ravn Vasiljeva

8. mai

Sebastian Søreide Holmås

22. mai

Maria Ellingsen Titlestad
Lillian Ree-Sekkingstad
Herman Egeli Valeur

26. mai

Emil Gulbrandsøy Frøderberg
Thale Rørvik Munch

29. mai

Oliver Totland Bjørnarøy
Solveig Elgsås
Aksel Breivik Halbjem
Elliot Holt
Emil Gjuvsland Kopperud
Milea Bergesen Mo
Nora Reistad

5. juni

Oline Lyssand Hjelle
Sigrid Riple Værøy

6. juni

Vetle Boga Berentzen

12. juni

Henrik Hella Berge
Marikken Mjelde Redner
Elvira Takvam

19. juni

Ada Røttingen Aasen
Live Sundøy Høydal
Anton Lindgren
Oliver Rønnestad Olden
Nanna Mathilde Sjaastad-Storum
Aleksander Askvik Sørstrønen
Aurora Askvik Sørstrønen

26. juni

Leif Oppedal Osmundsvaag

3. juli

Dennis Havsgård Ruback

10. juli

Andor Petersen

17. juli

Matheo Berentsen-Skuterud
Helene Vindenes



Vigde

Os kyrkje 9. april

May-Linn Grønhaug & Erlend
Kragh Nyhus

Moldegård 7. mai

Ingrid Neteland Bjerkand &
Edvard Børslid Tvedt

Oseana 21. mai

Mari Ann Djupvik & Fredrik
Vangås

Os kyrkje 21. mai

Karoline Rosendahl & André
Mjåtvædt Svendsen

Os kyrkje 22. mai

May Linn Ree-Sekkingstad &
Harald Ree Himberg

Os kyrkje 28. mai

Ine Eide Falch & Espen Halbjem
Mariann Øvreeide &
Henrik Steinsrud Sivertsen

Silje Kristin Gangstø & Stian
Haukeland Fonnes

Heime i hagen 11. juni

Margaret Iversen & Nils-Gustaf
Midtseter

Moldegård 11. juni

Ingrid Madsen & Karl Bjørnar
Wirkola

Nore Neset kyrkje 18. juni

Sandra Lunde & Henrik
Reed-Larsen

Os kyrkje 18. juni

Christine Nelson Laastad &
Jan-Erling Laastad

Mariel Søgnen Olsen & Vegar
Bognøy Kleivdal

Os kyrkje 25. juni

Lene Nøttveit Husebø & Arne Turøy

Tonje Einen og Christian Aass

Anastasija Ravn og Aleksandrs
Vasiljevs

Os kyrkje 2. juli

Gunn Strønstad og Thomas
Marceliussen

Helene Helle og Bjørn Erik Turøy

Pernille Grøndahl og Runar Barstad
Solberg

Os kyrkje 16. juli

Trang Vo Pham og Henrik Søhoel

Brattholmen 16. juli

Gitte Svennevig og Sturla Falck

Solbakken 16. juli

Selma Annajie Roselyn Saron og
Kim-Erik Johannessen

Os kyrkje 30. juli

Jeanette Dagsland Karlstrøm og
Fredrik Gjerdevik

Lena Gudvangen og Alistair Stuart

Os kyrkje 6. august

Kristi Ane Klepsvik og Ove Lyssand

Os kyrkje 13. august

Agathe Serine Eikesdal og Thomas
Bakkely Nenes

Nore Neset kyrkje 13. august

Victoria Marie Samuelsen og
Odd-Gjermund Fossen

Moldegård 19. august

Renate Ejankowski Eidsvåg og
Thomas Håland

Os kyrkje 20. august

Åsne Mo og Joakim Blodstrupmoen

Haugland 20. august

Lina Marie Oma og Richard
Haugland



Døde

Eldrid Lund

f. 02.07.1934 d. 10.03.2022

Lilly Ingeborg Halbjem

f. 13.05.1938 d. 14.03.2022

Kate Håland

f. 16.06.1933 d. 16.03.2022

Kjell Kåre Turøy

f. 26.08.1946 d. 16.03.2022

Odd Wiik

f. 06.07.1934 d. 18.03.2022

Erik Bøe

f. 20.03.1944 d. 24.03.2022

Anne Hatlestad Hernes

f. 26.09.1957 d. 28.03.2022

Mary Sofie Krydsby

f. 05.04.1926 d. 31.03.2022

Lars Henriksen Karstad

f. 09.10.1997 d. 09.04.2022

Ada Ingeborg Eide

f. 03.06.1929 d. 12.04.2022

Henny Drange

f. 18.09.1932 d. 15.04.2022

Betsy Søfteland

f. 03.05.1934 d. 17.04.2022

Aksel Sundøy

f. 27.12.1945 d. 19.04.2022

Eva Kjørlaug

f. 21.12.1936 d. 20.04.2022

Kirsten Marie Fosse

f. 30.05.1932 d. 27.04.2022

Margrete Karoline Hauge

f. 14.12.1962 d. 27.04.2022

Olaf Wilhelm Larsen

f. 04.10.1929 d. 02.05.2022

Aud Hausberg

f. 25.06.1936 d. 12.05.2022

Edith Hjertnes

f. 07.05.1930 d. 13.05.2022

Marie Monsen

f. 15.05.1923 d. 15.05.2022

Judith Ella Rasmussen

f. 05.08.1921 d. 15.05.2022

Helga Skjelbreid

f. 26.03.1945 d. 17.05.2022

Agnar Magne Gulbrandsøy

f. 22.10.1949 d. 22.05.2022

Ingeborg Alfhild Nordbø

f. 09.03.1924 d. 25.05.2022

Astrid Fjæreide

f. 16.04.1929 d. 01.06.2022

Anders Garan Øye

f. 11.11.1998 d. 01.06.2022

Johan Tysseland

f. 11.08.1927 d. 04.06.2022

Barbra Nymark

f. 28.03.1939 d. 12.06.2022

Gerda Fjellstad

f. 16.04.1928 d. 17.06.2022

Daniel Sundvor Bjørnevik

f. 18.08.2001 d. 26.06.2022

Karl Olav Røttingen

f. 26.10.1929 d. 27.06.2022

Margit Lunde

f. 27.01.1931 d. 28.06.2022

Torolf Audun Sælen

f. 07.07.1932 d. 28.06.2022

Ingeborg Eialin Sørstrønen

f. 29.07.1942 d. 02.07.2022



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd - Tilsette

Ole Øystein Drotningshaug
f. 20.05.1942 d. 05.07.2022

Anna Margrethe Gamlemshaug
f. 31.07.1930 d. 07.07.2022

Benjamin Kreybu Skeggs
f. 26.10.2002 d. 09.07.2022

Per Arne Pedersen
f. 11.07.1959 d. 10.07.2022

Signy Dyrdal
f. 24.06.1922 d. 15.07.2022

Kristoffer Kopperud Botnevik
f. 15.12.1992 d. 22.07.2022

Borgny Sælen
f. 11.02.1932 d. 23.07.2022

Frank Bøe
f. 07.02.1929 d. 01.08.2022

Alf Gustav Tvedt
f. 08.09.1928 d. 01.08.2022

Åslaug Bjørnevikt
f. 31.03.1921 d. 02.08.2022

Marit Hildur Lund
f. 25.10.1938 d. 03.08.2022

Ruth Gjerde
f. 26.10.1931 d. 04.08.2022

Berit Bolstad
f. 10.08.1938 d. 07.08.2022

Ole Edvin Høgsve
f. 25.09.1946 d. 07.08.2022

Kvil i fred

Hugs
vår tradisjonsrike

JULEMESSE i Tunet

laurdag
19. november

Messebutikk

Åresal

Lotteri

Mat

Musikk

Leikar og aktivitetar

Bli med!

Oversikt over innsamla offergåver sidan 06.03.22

Dato	Takkoffer til	Beløp
13.03.22	Tunet	6 106,-
20.03.22	Misjonsprosjektet	20 755,-
27.03.22	Bibelskulen på Bildøy	4 054,-
03.04.22	Kirkens Nødhjelp	7 190,-
10.04.22	Tunet	5 305,-
14.04.22	Tunet	2 706,-
17.04.22	Eigen kyrkjelyd	5 447,-
24.04.22	Kirkens Bymisjon	7 615,-
01.05.22	Blå Kors i Norge	4 930,-
07.05.22	Konfirmantarbeidet	5 195,-
08.05.22	Konfirmantarbeidet	9 782,-
14.05.22	Konfirmantarbeidet	23 796,-
15.05.22	Konfirmantarbeidet	9 575,-
17.05.22	Sjømannskirken	4 590,-
22.05.22	Tunet	5 991,-
26.05.22	Det Norske Misjonsselskap	5 696,-
29.05.22	Misjonsprosjektet	5 462,-
05.06.22	Eigen kyrkjelyd	7 036,-
12.06.22	Tunet	18 207,-
19.06.22	Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag	9 224,-
26.06.22	Det Norske Bibelselskap	5 375,-
03.07.22	Den Norske Israelsmision	4 655,-
10.07.22	Menneskeverd	2 622,-

Sokneprest

Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 56 57 24 08 / 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

Kapellan

Anette-Emilie Gangstø
Tlf: 56 57 24 03 / 452 80 278 | E-post: at826@kyrkja.no

Prostiprest

Svante Havåg
Tlf: 56 57 24 07 / 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

Kyrkjeverge

Kristine Fjeld
Tlf: 56 57 24 03 / 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 56 57 24 20 / 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kantor

Andrew Paul Holman
Tlf: 56 57 24 11 | E-post: ah292@kyrkja.no

Diakon

Ingrid Vik
Tlf: 56 57 24 06 / 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning

Monica Refsdahl
Tlf: 56 57 24 13 | E-post: mr346@kyrkja.no

Konsulent - administrasjon/utleige

Inger-Johanne Haugland
Tlf: 56 57 24 02 | E-post: ih985@kyrkja.no

Kateket

Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 56 57 24 12 | E-post: gs234@kyrkja.no

Barne- og familiearbeidar

Sylvi Lundgren
Tlf: 56 57 24 14 / 47 50 43 27 | E-post: sl828@kyrkja.no

Trusopplærar, frivilligkordinator

Elisabeth Saxe Vinkler
Tlf: 56 57 24 04

Ungdomsarbeidar

Anna Blindheim Skjælaaen
Tlf: 97 87 99 46

Kommunikasjonsmedarbeidar, ungdomsarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen
E-post: mb369@kyrkja.no

Driftsleiar

Kenneth Molland
Tlf: 91 74 91 90 | E-post: km893@kyrkja.no

Anleggsgartnar, kyrkjetenar

Linn Kjerstin Østgulen

Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar

Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar

Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar

Jakob Nygard



Foto: Håvard Bjelland

Gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje

4. september	10.00	Dåp
4. september	11.15	Nattverd
11. september	11.00	Konfirmantpresentasjon. Dåp. Nattverd.
18. september	11.00	Konfirmantpresentasjon. Dåp. Nattverd.
25. september	11.00	Familiegudsteneste - Søndagsskulens dag. Utdeling av 4-årsbok. Dåp. Nattverd.
2. oktober	10.00	Dåp
2. oktober	11.15	Nattverd
9. oktober	11.00	Dåp
16. oktober	11.00	Dåp. Nattverd.
23. oktober	11.00	Kongshaug deltek. Nattverd.
30. oktober	11.00	Familie-/myldregudsteneste. Dåp. Nattverd.
30. oktober	19.00	Minnegudsteneste.
6. november	11.00	Dåp. Nattverd.
13. november	11.00	Familiegudsteneste. Lys Vaken. Dåp. Nattverd.
20. november	11.00	Dåp. Nattverd.
27. november	11.00	Familiegudsteneste. Speidalar deltek. Dåp. Nattverd.

Nore Neset kyrkje

4. september	11.00	Konfirmantpresentasjon. Dåp. Nattverd.
18. september	11.00	Dåp. Nattverd.
2. oktober	11.00	Konfirmantpresentasjon. Dåp.
16. oktober	11.00	Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Dåp.
30. oktober	11.00	Minnegudsteneste
13. november	11.00	Dåp. Nattverd.
27. november	11.00	Familiegudsteneste. Lys Vaken.

Søfteland Bedehus

25. september	11.00	Konfirmantpresentasjon
---------------	-------	------------------------

For oppdaterte opplysninger, sjå [kyrkja.no/os!](http://kyrkja.no/os)